

## **Nettverkssamling om kvalifiseringsprogrammet 11. mars 2020**

Tema for samlinga blir barn og unge. Vi får innlegg om barnekonvensjonen og om oppfølging av låginntektsfamiliar, Holf-prosjektet. Det blir lagt opp til erfaringsutveksling mellom deltakarane og arbeid med case, der ein m.a. kan dele tips og gode erfaringar om oppfølging av KVP deltakarar som har barn, og innhald i program.

### **Praktisk informasjon**

Registrering i resepsjonen hos Skatteetaten frå kl. 09.30 og vi startar kl. 09.45. Samlinga er gratis, og deltakarane får servert enkel lunsj. Om du har matallergiar, eller det er anna informasjon som er viktig for arrangør å vite om, opplyser du om dette i merknadsfeltet i påmeldinga.

Meld deg på via skjema nedst på sida. Når du har meldt deg på, får du med det same tilsendt kvittering på e-post om at du er påmeldt og har plass på samlinga. Påmeldinga er bindande.

Dersom du likevel blir hindra frå å delta, så venleg meld til Siren R. Skjerven så snart som råd. Sjå kontaktinformasjon i høgremargen.

Fylkesmannen bestiller og dekker kostnad med hotellovernatting for deltakarar som melder seg på innan påmeldingsfrist og som treng overnatting grunna svært lang reiseveg. Dei som har reiseveg på tre timar eller meir frå heimen til Bergen sentrum, kan melde seg på med overnatting frå 10.-11. mars dersom dei har behov for det. Du bestiller overnattinga i påmeldingsskjema. Overnattinga finn stad ved Hotel Zander K i Zander Kaas gate 8 like ved Jernbanestasjonen i Bergen sentrum. Dersom du er påmeldt med overnatting og ikkje møter opp, vil Nav-kontoret bli fakturert for utgifta.

Fylkesmannen dekker ikkje reiseutgifter i samband med samlinga.